



Vik skule og barnehage  
5568 Vikebygd  
Vikevegen 1266  
Tlf. Skule: 53655730  
Barnehage: 53655739  
Dato: 04.10.23



## Referat frå møte i samarbeidsutvalet for Vik oppvekstsenter 04.10.23

Desse møtte:

Frå elevrådet: Malene Trovåg og Kasper Bruland

Frå FAU på skulen: Cathrine H. Tindeland

Frå andre tilsette på skulen: Berit Skartland

Frå tilsette i barnehagen: Håvard Lothe og Anne Wenche Vik

Frå foreldrerådet i barnehagen: Jeanette M. Persvangen Ødegård

Frå undervisningspersonalet: Anne Brith J. Nesheim

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Tormod Sandsgård

Meldt forfall: (Mona Aksdal, foreldrerep. i barnehage og Håvard Tveit, foreldrerep. i skulen)

### Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule og kvar barnehage skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik oppvekstsenter er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er til vanleg SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

### Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Cathrine Hamre Tindeland blei valt til leiar.

Håvard Tveit blei valt til nestleiar.

### Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Årsplan for barnehagen var sendt ut til alle før møtet. Håvard, Anne Wenche og Anne Marte orienterte om og gjekk gjennom deler av årsplanen for barnehagen. Årsplanen skal vere eit levande dokument og vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og til informasjon for føresette og andre.

Anne Wenche orienterte om satsingsområdet *Kommunikasjon, språk og tekst* og forklarte og viste korleis ein nå brukar ASK-, alternativ supplerande kommunikasjon, aktivt i kvardagen. Ein brukar då bildestøtte og teiknstøtte og set t.d. opp dagsplan med grafiske symbol. Ein har bildestøtte i mange situasjonar t.d. ved påkledning, under måltid og ved leikeapparata.

Håvard informerte om arbeidet med *Sosial kompetanse*. Barna sin trivsel er dei vaksne sitt ansvar og me jobbar kontinuerleg med å skapa gode relasjoner mellom barna og mellom barn og vaksne. Dei vaksne i barnehagen skal vera tydlege og varme grensesettarar og gode rollemodellar.

Årsplanen blei godkjent. Den blir lagt ut på heimesida til barnehagen.

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/barnehage/vindafjordbarna/vikebygd-barnehage/planar-og-dokument/arsplan/>



#### **Sak 4 Elevrepresentantane Malene Trovåg og Kasper Bruland informerer**

Malene og Kasper fortalte om fadderordninga me har på skulen der elevane på 5.-7. trinn er fadder for elevane på 1.-4. trinn. Dei hadde laga ein flott presentasjon der dei viste bilde og fortalte frå dei ulike aktivitetane dei har. Dei har fast faddertime med lesing, spel og ute eller inneleik. Elles har dei t.d. dansehalvdagar, juleverkstad, friidrettsdag og andre ting i blanda grupper.

Dei fekk spørsmål om dei likte dette og om elevane på småskulen likte det. Malene og Kasper syntes det var kjekt å vera fadder og dei meinte at småskulen likte det godt. Det syntes og at dei lærte mykje av det.

#### **Sak 5 Diverse orienteringssaker**

- Skulen sitt satsingsområde**

Hovudsatsingsområdet vårt førre skuleår var «Eit trygt og godt skolemiljø for alle». Fadderordninga som Malene og Kasper snakka om var t.d. ein del av dette. Me ser at faddertime fungerer godt og vil halde fram med dette. Elevane kosar seg i lag og gler seg til timane. Me ser at dei små blir tryggare på dei store og dei store likar å vise omsorg og hjelpe dei små. Dei vaksne har det òg triveleg i desse timane. Me vil og halde fram med å bruke opplæringsprogrammet Livet&Sånn - <https://www.livetogsann.no/1-7-trinn/>

Elles vil me ha «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» som satsingsområde. Dette skal vere fokusområde for alle skular og barnehagar i kommunen. Målet er at alle barn skal oppleva eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i skulen.

- SFO**

Det er i år 12 barn som har plass på SFO. Morgontilboden kl. 06.45 – 08.00 er i barnehagen og fungerer godt for både føresette og barn. Ein legg vekt på å leggje til rette for mykje og variert frileik i SFO-tida. Ein har og fokus på å ha ein god og roleg måltidssituasjon med gode samtalar og små språkleikar. Ein serverer alltid fleire sorter frukt og grønt i slutten av måltidet.

- Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.**

Tema i år er «Ålfjorden» og temaperioden blir frå 29.04 - 30.05. Kulturettermiddagen blir 30. mai 2024. Me jobbar med tema i 3-4 veker og avsluttar alltid med kulturettermiddag i samarbeid med FAU.

- Dugnadsprosjekt i barnehagen**

Janette som er foreldrerepresentant i barnehagen fortalte om dugnadsprosjektet med å bygge om hønsehuset i barnehagen til uthus for leik, matpause osb. Hønsehaldet blei avslutta for fleire år sidan då det kom rotter. Foreldra har nå laga teikningar, organisert seg i grupper og starta arbeidet. Kjempeflott innsats!

- Budsjett og personalsituasjonen**

Me har eit stabilt og dyktig personale og har tilsette med god kompetanse i alle stillingar. Me merkar at det nå er vanskelegare å få tak i ringevikarar både for skulen og barnehagen.

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjettramma. Det var ei sers god hjelp å få ekstra midlar på ca. kr. 1700,- pr. elev frå kommunen til innkjøp av skulebøker / læremiddel. Skulebøker er blitt dyre og me har ikkje nok midlar til dette på det vanlege driftsbudsjettet. Me har tidlegare fått føre over pengar til drift dersom me har overskot på lønn, men dette er nå stoppa. Det kan vere mogleg å få godkjent etter søknad dersom heile oppvekst går med overskot.



### **Sak 6 Ordensreglement for Vindafjordskulen og Vik skule**

Ordensreglementet for skulane i Vindafjord blei i 2021 revidert og var gjort gjeldande frå 30.06.21. Pkt. 9 i ordensreglementet inneheld lokale konkretiseringar for kvar enkelt skule. SU vedtok eit nytt punkt i ordensreglementet 04.10.22. Ordensreglementet blei nå godkjent utan endringar.

### **Sak 7 Ymse**

Tema om leksefrei skule blei lufta. Kvardagen har endra seg for foreldre, og dei fleste barna er nå mykje meir i barnehage og på SFO. Fleire kunne tenkt seg å prøve leksefrei skule, men ein er usikre på korleis det event. ville slå ut. Fleire meinte at det var viktig å halde fram med å lese med dei yngste elevane heime.

*Anne Marte W. Tveit*

*Skrivar*